



Notat

Dato

LEIKANGER, 14.11.2019

Til: Fylkesutvalet sitt møte 25. november

Frå: Fylkesrådmannen

Styremedlemer til Sogn og Fjordane Holding AS - valnemnda sitt arbeid

I møte 07.10.19, sak 93/19, gjorde fylkesutvalet slikt vedtak:

Fylkesutvalet utset handsaminga av punkt 1 til fylkesutvalet sitt møte 20. november 2019.

Fylkesutvalet peikar ut følgjande tre personar til ei valnemnd som skal finne fram til to styremedlemer og éin varamedlem på vegner av aksjonærane i aksjeklasse B og tre styremedlemer og éin varamedlem på vegner av aksjonæren i aksjeklasse A:

Sigurd Reksnes, Åshild Kjelsnes og Noralv Distad

Fylkesrådmannen stiller med sekretariat.

Dagen etter, 08.10.19, gjorde fylkestinget i sak 42/19 vedtak om å justere aksjonæravtalen og vedtekten for Sogn og Fjordane Holding AS. Fylkestinget slutta seg m.a. til at § 5 i vedtekten for selskapet skal ha denne ordlyden:

«Selskapet skal ha eit styre med fem medlemer. Styremedlemene tenestegjer i fire år. Styreleiaren skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.

To av medlemene veljast av eigarane av aksjeklasse B. Dei andre vert valde på generalforsamlinga og minst ein av dei skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.

Selskapet sin styreleiar åleine teiknar firmaet.»

Valnemnda heldt i slutten av oktober to telefonmøte, høvesvis 25. og 31.10. Fylkesrådmannen stilte med sekretariat.

Nemnda har på vegner av dei 18 primærkommunane – aksjonærane i aksjeklasse B – funne fram til to styremedlemer og éin varamedlem:

- Styremedlem: Gunn Åmdal Mongstad, ordførar i Solund kommune
- Styremedlem: Per Jarle Myklebust, kommunestyre- og formannskapsrepresentant i Gloppe kommune
- Varamedlem: Anne Kristin Førde, ordførar i Bremanger kommune

Dei ovannemnde skal ikkje veljast av generalforsamlinga, jf. utkastet til § 5 andre ledd i vedtekten, jf. aksjelova § 6-3 (3).

Vidare gjer valnemnda framlegg om følgjande tre styremedlemer og éin varamedlem, som skal veljast på generalforsamlinga i slutten av november:

- Styremedlem: Bjørn Erik Hollevik
- Styremedlem: Hilmar Høl
- Styremedlem: Jenny Følling
- Varamedlem: Trude Brosvik

Framlegget tek høgde for kravet til kjønnsbalanse, jf. kommunelova § 21-1, og er i samsvar med § 5 andre ledd, andre setning, i utkastet til vedtekter.

Både Mongstad, Myklebust, Hollevik, Høl og Følling er valbare til vervet som styreleiar i selskapet, jf. utkastet til vedtekter § 5 første ledd. Valnemnda har lagt opp til at fylkesutvalet skal kome med framlegg på kven som skal ha dette vervet. Viss ikkje styreleiaren vert vald av generalforsamlinga, skal vedkomande veljast av det nye styret, jf. aksjelova § 6-1 (2).

Alle dei fire kandidatane som etter valnemnda sitt framlegg skal veljast på generalforsamlinga, er faste medlemer i fylkesutvalet. Fylkesrådmannen legg til grunn at desse fire, som følgje av valnemnda sitt framlegg, alt no har så sterk tilknyting til Sogn og Fjordane Holding AS at dei vert inhabile til å delta ved fylkesutvalet si handsaming av saka, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd. Særregelen i kommunelova § 11-10 fjerde ledd om at ein folkevald ikkje er inhabil ved val av personar til offentlege tillitsverv, kjem ikkje til nytte. Uttrykket "offentlege tillitsverv" omfattar kommunale, fylkeskommunale og statlege verv, ikkje styreverv i aksjeselskap.